





› Grunnskule, SFO og skuleskyss

Grunnskular

Giske har 5 grunnskular: Godøy skule, Vigra skule, Valderøy barneskule, Giske skule og Giske ungdomsskule.

Elevtalsutvikling



Elevtal per 1. oktober 2022

	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse	SUM
Vigra skule	111	72	0	183
Valderøy barneskule	262	180	0	442
Giske skule	57	32	0	89
Godøy skule	74	53	0	127
Giske ungdomsskule		0	386	386
Totalt	502	339	386	1227

Grunnskule

Grunnskuletenestene kosta i 2022 netto 120 mill. kroner.

Kostnaden til funksjon 202 grunnskule netto driftsutgifter pr. innbyggjar 6-15 år, var i 2021 96 779 kroner og i 2022 var denne kostnaden 102 528. Dette er blant dei lågaste i fylket.

Kostnaden per innbyggjar 6-15 år på skulebygg var om lag på gjennomsnitt for vår kommunegruppe med 21 012 kroner.

Grunnskulane hadde ikkje lovleg drift knytt til fag og lærarnorm i vårhalvåret, noko som gjekk ut over tidleg innsats og graden av tilpassa opplæring.

- Lærarnorma blei oppfylt frå hausten 2022. Leksehjelp, fysisk aktivitet og symjeopplæring vart iverksett.
- Skulane opplyser å ha store utfordringar med å prioritere tidleg innsats i form av ulike intensivkurs i t.d. lesing og matematikk etter § 1-4
- Alle einingane i oppvekst har vore med på leiarutvikling i regi av IMTEC og også KS si leiarutvikling knytt til 10-faktor
- Det er gjennomført kartlegging av kompetansen til alle tilsette knytt til inkluderande praksis for å realisere kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialundervisning. Høgskulen i Volda, og også interne ressursar, har bidratt for å kunne utvikle varige betre praksisar. Denne kompetanseutviklinga vil også være kostnadseffektiv på sikt.
- Det er sett i gang eit større arbeid med uteområdet til Godøy skule.
- Forprosjekt til ny skule på Vigra vart igangsett hausten 2022.
- Det vart investert i nye PC-ar til ungdomssteget.

Korona

Pandemien prega også oppvekstsektoren dei første månadane av 2022. Særleg sjukefråværet hos elevar og i personalgruppene gjorde drifta krevjande etter pandemiåra.


Spesialundervisning - varige betre praksisar

I løpet av hausten 2022 starta PPT med utedagar i skule, med avtale om å bruke 50 % av tida ute i einingane til systemarbeid og 50% til individarbeid. Det blei etablert inkluderingsteam på alle skulane frå hausten 2022. Både PPT og Helsesjukepleiarane vil ta del i både det systemretta og det individretta arbeidet noko som bidreg til eit tverrfagleg og analytisk blick inn i arbeidet for auka kompetanse hos dei som møter elevane kvar dag, ein betre inkluderande praksis.


Manglande kontinuitet og redusert omfang i den tidlege innsatsen, td lesekurs, låg grunnbemanning i barnehage, matematikk-kurs og to-lærarsystem, synes å bidra til å generere auka spesialundervisning i Giske kommune. Auken skjer i hovudsak hos dei eldste elevane i form av mange små vedtak. Gjennom å betre kvaliteten og gjennom å utvide omfanget av den tidlege innsatsen, i tråd med § 1-4, vil behovet for spesialundervisning bli redusert på sikt.

Det har i 2022 vore fokus på kompetanseutvikling knytt til inkluderande praksis for alle tilsette i oppvekstsektoren og med utgangspunkt i leiargruppene. Det er også lagt eit godt grunnlag for betre tverrfagleg innsats gjennom utvikling av BTI-modellen. Timar gitt til spesialundervisning i 2022 tilsvarar 25 % av det totale undervisningstimetallet, noko som må sjåast i samanheng med den låge prioriteringa av ressursbruken i grunnskule. Dei nasjonale tala er 18,2%.

Andel elevar med vedtak om spesialundervisning



Andel av undervisningstimar til spesialundervisning av undervisningstimar totalt



SFO - Skulefritidsordning

Det er SFO-ordning ved alle barneskulane i kommunen. SFO er meint å vere sjølvfinansierande med unntak av ekstra kostnader til barn som treng særskild tilrettelegging. Det manglar ca 20 % på sjølvkost.

Månadsprisen er 3.585 kroner for full plass. Dette er den høgaste foreldrebetalinga i fylket, noko som *kan* vere ei medverkande årsak til at ein relativt mindre del av elevar i 2.-4. årstrinn har SFO. Berre 7% av 4. klassingane nyttar seg av SFO-tilbodet, 34 % på landsbasis. (sjå grafen nedanfor).

I samarbeid med selskapet Envidan blir det kvart år gjort sjølvkostkalkyler i høve til SFO-tilbodet. Kostnader til stabsfunksjonar og ekstra tiltak for barn med særlege behov blir haldne utanfor.

Frå 1. august 2020 vart det innført to moderasjonsordningar: Redusert foreldrebetaling for foreldre med barn på 1. og 2. klasstrinn. Foreldrebetalinga per barn skal maksimalt utgjere seks prosent av inntektene til hushaldninga. Barn med særskilte behov på 5.-7. trinn har rett til gratis SFO.

Frå august 2022 fekk alle 1. klassingar gratis kjernetid med 12 timar i veka. Dette gjer at nesten alle 1. klassingar tek plass i SFO.


Nettokostnadene til SFO har auka kraftig dei siste åra frå om lag 1,5 mill. kroner til nesten 2,7 mill. kroner. Den viktigaste grunnen er ein sterk auke av elevar som har større behov for hjelp og tilsyn.

Foreldrebetalinga for SFO var med 3.585 kroner for heil plass den høgaste i fylket.

	Tal på barn i SFO	Kor mange av desse har full plass	Tal på barn i SFO	Kor mange av desse har full plass	Tal på barn i SFO	Kor mange av desse har full plass
Skule \ år	20-21	20-21	21-22	21-22	22/23	22/23
Giske skule	22	17	35	17	39	16
Godøy skule	37	25	39	15	37	18
Valderøy barneskule	131	65	124	50	124	64
Vigra skule	58	30	55	33	55	30
SUM	248	137	253	115	255	128

Andel elevar med SFO-tilbod, Giske kommune/landsoversikt

Prosent



Skuleskyss

Fylkeskommunen organiserer både ordinær skyss og tilpassa skyss for elevar med særlege behov. Kommunen betaler ein eigenandel som tilsvarer enkeltbillett på buss etter ordinær takst, både for ordinær skyss og tilpassa skyss. Dette gjeld óg skyss for elevar ved private skular, der kommunen betaler skyss til kommunegrensa. Elevar med delt bustad kan ha rett til skyss frå begge heimane. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa 2 km, for eldre elevar er skyssgrensa 4 km.

I hausthalvåret hadde til saman 289 elevar rett til skyss. Totalkostnaden var 2.249.000 kroner. Budsjettet var på 1.657.000.

Kostra grunnskule 2022

Nøkkeltal	Eining	Giske	Sula	Ålesund	Kostragr. 1	Landet utan Oslo
-----------	--------	-------	------	---------	-------------	------------------

Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	Antal	26,1	95,0	25,6	47,0	36,4
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	Antal	141,1	117,6	150,1	136,2	145,1
Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring	Prosent	3,8	1,3	6,6	3,9	5,3
Elevar i kommunale og private grunnskuler som får spesialundervisning	Prosent	10,8	8,0	9,7	9,3	7,9
Elevar på mestringnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	Prosent	79,7	69,3	71,0	71,9	73,3
Elevar på mestringnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn	Prosent	78,0	81,2	66,3	70,2	70,5
Gruppestorleik 2	Antal	17,1	17,3	16,9	15,3	15,6
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	Antal	42,2	42,2	43,7	42,5	43,1
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter	Prosent	28,3	24,3	22,6	23,7	22,5
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år (kr)	Kroner	129 019	112 339	123 837	137 868	133 106